



Møteprotokoll Formannskapet

Møtedato: 25.08.2016
Møtestad: Møterom - Børiiden
Møtetid: 09:00 – 11:30

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Per Lerøy	AP	Ordfører
Anne Dahle Austrheim	KRF	Varaordfører
Jorund Stellberg	H	Medlem
Siri Kaland	AP	Medlem
Jan Erik Espelid	V	Medlem

Dessutan deltok fylgjande:

Jan Olav Osen, Olav Mongstad, Asbjørn Toft og Thomas Lindås

Olav Andersen var tilstades under handsaming av sak 096/16

Dato, 25.08.2016

Per Lerøy
ordfører

Jan Olav Osen
rådmann

Sakliste

Saknr	Tittel
084/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
085/16	Godkjenning av møteprotokoll
086/16	Meldingar
087/16	Delegerte saker
088/16	Orienteringssak
089/16	Klage på avslag på nytt busstopp
090/16	Klage gbnr 163/3 Hjeltholmen - dispensasjon - gangveg
091/16	Klage gbnr 166/1 - Vestre Sævrøy - kai og flytebrygge
092/16	Austrheim kommune- Trekking på vilkår motsegn til reguleringsplan for Keilen vest, gbnr. 125/6 m.fl.
093/16	Prioriteringar av vegprosjekt i Austrheim kommune i samband med Nordhordlandspakka-Uttale
094/16	Godkjenning av detaljregulering Gang- og sykkelveg Mastrevik-Kilstraumen med friluftslivområde Ulvøy. Braplanid. 2014005
095/16	Namn på bruer i Austrheim
096/16	Budsjettoppfølging juni 2016
097/16	Selskapsavtale for IKA Hordaland - Endringar
098/16	Kulturpris 2016 Ikkje offentleg
099/16	Dispensasjon frå rekkefølgjekrav - Toftegård, "søre neset"

084/16: Godkjenning av innkalling og saksliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent

25.08.2016 FORMANNSKAPET

Ordfører ba om at sak 098-Kulturpris 2016 og 099- Dispensasjon frå rekkefølgekrav - Toftegård, "Søre Neset" vart tatt med under handsaminga og det var ingen merknader til det.

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

FS - 084/16 - 25.08.2016 - Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

085/16: Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannen sitt framlegg:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

25.08.2016 FORMANNSKAPET

Jorund Stellberg ba om at fylgjande vart teke med som nytt pkt. 4 i formannskapet si tilråding i sak 082:

a) Austrheim Høgre vil ha ein planmessig gjennomgang av administrasjon og tenesteproduksjon med sikte på ikkje å innføre eigedomsskatt på hus og fritidsbustad.

b) Det vert i 2016 gjennomført taksering av eigedommar knytt til anna næring, taksering av hus og fritidseigedommar og ny taksering av eigedommar knytt til verk og bruk. For Ap vil det vera svært vanskeleg å innføre eigedomsskatt på hus og fritidseigedommar som følgje av Austrheim kommune sin vanskelege økonomiske situasjon. Dei økonomiske utfordringane kommunen har, må etter Ap sine vurderinga løysast gjennom andre tiltak enn ved innføring av eigedomsskatt. Grunnen til at me støttar ei taksering av hus og fritidseigedommar no, er at me veit at Finansdepartementet vurderer å innføre nye reglar for skattelegging av verk og bruk. Dersom dette vert ein realitet, vil det få dramatiske konsekvensar for dei kommunane som i dag har skatt på verk og bruk. I ein slik situasjon vil Austrheim kommune bli tvinga til å innføre eigedomsskatt på hus og fritidseigedommar. Ap ønskjer difor å ha grunnlaget klart slik at kommunen er godt førebudd dersom regjeringa gjer store endringar i reglane for skattelegging av verk og bruk.

Når det gjeld sjølve økonomiplanen for 2016 – 2020 så ønskjer me at det vert gjort følgjande

endringar:

- Eigedomsskatt: Vert redusert frå 21 800 til 16 000
- Skatt på inntekt og formue: Vert auka frå 87 700 til 92 135

Dei andre tala i tabellen, blant anna inntektsutjamninga, vert juster i tråd med desse endringane. Me byggjer forslaget vårt på at KS har rekna ut at Austrheim kommune vil få ein vekst i frie inntekter på 5% frå 2016 til 2017. Desse utrekningane skal vera basert på det nye inntektssystemet og vera i tråd med det som kom fram i kommuneproposisjonen i mai. Ser ein bort frå eigedomsskatt og andre inntekter som normalt ikkje vert rekna inn i dei frie inntektene, ser det ut til at KS har rekna ut at Austrheim vil få ein vekst i dei frie inntektene på minst 8,3 millionar kroner. Då skal dei også ha tatt omsyn til ei eventuell inntektsutjamning. Me meiner difor at det vil vera forsvarleg og auka skatteanslaget som vist over.

Fellesframlegg:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent med nytt pkt. 4 i formannskapet si tilråding i sak 082/16 i samsvar med framlegg frå Jorund Stellberg.

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

FS - 085/16 - 25.08.2016 - Vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent med nytt pkt. 4 i formannskapet si tilråding i sak 082/16 i samsvar med framlegg frå Jorund Stellberg.

086/16: Meldingar

Rådmannen sitt framlegg:

Meldingane vert tekne til orientering

25.08.2016 FORMANNSKAPET

Ordføraren delte ut kopi mail frå Walther Kaland vedrørande krav som gjeld eigedomen gnr. 130 bnr. 13.

Fellesframlegg:

Meldingane med tilleggs melding vert tekne til orientering.

FS - 086/16 - 25.08.2016 - Vedtak:

Meldingane med tilleggs melding vert tekne til orientering

087/16: Delegerte saker

Rådmannen sitt framlegg:

Delegerte saker vert tekne til orientering

25.08.2016 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

FS - 087/16 - 25.08.2016 - Vedtak:

Delegerte saker vert tekne til orientering

088/16: Orienteringssak

Rådmannen sitt framlegg:

25.08.2016 FORMANNSKAPET

Thomas Lindås orienterte om byggeprosjekt og utfordra formannskapsmedlemene på eit konkret prosjekt om dette er i samsvar gjeldande byggeskikk .

Asbjørn Toft orienterte om prosjekt langs fylkesvegen, omlegging av veg til Furuly og opparbeiding av fortau på Fønnes .

Ordføraren orienterte om møte i Bergen den 24.08.16 om skulebruksplanen.

Fellesframlegg:

Orienteringane vert teke til vitande.

Fellesframlegg vart samrøystes vedteke.

FS - 088/16 - 25.08.2016 - Vedtak:

Orienteringane vert teke til vitande.

089/16: Klage på avslag på nytt busstopp

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommune opprettheld avslag av 14.11.2014 på nytt busstopp. Avslaget er grunngeve med at plassering av nytt busstopp ikkje er eigna for sning av buss og at avstanden på 493 m til eksisterande busstopp fra bustad ikkje er urimeleg og ligg godt innanfor skyssgrensa på 2 kilometer. Ein vurderer ikkje vegen som farleg eller vanskeleg.

25.08.2016 FORMANNSKAPET

Fellesframlegg:

Saka vert utsett og handsama i neste møte.

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

FS - 089/16 - 25.08.2016 - Vedtak:

Saka vert utsett og handsama i neste møte.

090/16: Klage gbnr 163/3 Hjeltholmen - dispensasjon - gangveg

Rådmannen sitt framlegg:

Formannskapet i Austrheim tek ikkje klagen til følge og opprettheldt sitt tidligare vedtak i saka.

· Gangvegen skal ikkje ha kaifront og ei maksimal bredde på 1.5 meter. Gangvegen skal utførast i tre.

Grunngjeving er gjeve i saksutgreinga.

Vedtaket er heimla i forvaltningslova § 33.

Vedtaket vert sendt attende til Fylkesmannen i Hordaland.

25.08.2016 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FS - 090/16 - 25.08.2016 - Vedtak:

Formannskapet i Austrheim tek ikkje klagen til følgje og opprettheldt sitt tidligare vedtak i saka.

· Gangvegen skal ikkje ha kaifront og ei maksimal bredde på 1.5 meter. Gangvegen skal utførast i tre.

Grunngjeving er gjeve i saksutgreinga.

Vedtaket er heimla i forvaltningslova § 33.

Vedtaket vert sendt attende til Fylkesmannen i Hordaland.

091/16: Klage gbnr 166/1 - Vestre Sævrøy - kai og flytebrygge

Rådmannen sitt framlegg:

Formannskapet i Austrheim tek klagen delvis til følgje slik at det no vert gjeve dispensasjon til kun flytebrygge og ikkje kai.

Grunngjeving er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i Forvaltningslova § 33 og plan- og bygningslova § 19-2.

Vedtaket vert send Fylkesmannen i Hordaland for klagevurdering.

25.08.2016 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FS - 091/16 - 25.08.2016 - Vedtak:

Formannskapet i Austrheim tek klagen delvis til følgje slik at det no vert gjeve dispensasjon til kun flytebrygge og ikkje kai.

Grunngjeving er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i Forvaltningslova § 33 og plan- og bygningslova § 19-2.

Vedtaket vert send Fylkesmannen i Hordaland for klagevurdering.

092/16: Austrheim kommune- Trekking på vilkår motsegn til reguleringsplan for Keilen vest, gbnr. 125/6 m.fl.

Rådmannen sitt framlegg:

Formannskapet i Austrheim kommune trekkjer på vilkår si motsegn knytt til reguleringsplan for Keilen Vest, gbnr. 125/6 m.fl:

Vilkåret er at:

- 1.Lindås og Austrheim kommunar forpliktar seg til å gå i dialog i høve trafikksikringstiltak langs kommunal veg frå plangrensa til Keilen vest til krysset Keilenvegen /fv 57.
- 2.Før Lindås kommune tek reguleringsplan for Keilen Vest opp til endeleg handsaming i kommunestyret skal nytt planframlegget verta sendt ut til andre gongs offentleg ettersyn.

Formannskapet viser elles til saksutgreiinga og til referatet frå dialogmøte mellom Austrheim og Lindås kommune den 29.06.2016.

Vedtaket er heimla i Plan- og bygningslova §5-4.

25.08.2016 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FS - 092/16 - 25.08.2016 - Vedtak:

Formannskapet i Austrheim kommune trekkjer på vilkår si motsegn knytt til reguleringsplan for Keilen Vest, gbnr. 125/6 m.fl:

Vilkåret er at:

- 1.Lindås og Austrheim kommunar forpliktar seg til å gå i dialog i høve trafikksikringstiltak langs kommunal veg frå plangrensa til Keilen vest til krysset Keilenvegen /fv 57.
 - 2.Før Lindås kommune tek reguleringsplan for Keilen Vest opp til endeleg handsaming i kommunestyret skal nytt planframlegget verta sendt ut til andre gongs offentleg ettersyn.
- Formannskapet viser elles til saksutgreiinga og til referatet frå dialogmøte mellom Austrheim og Lindås kommune den 29.06.2016.

Vedtaket er heimla i Plan- og bygningslova §5-4.

093/16: Prioriteringar av vegprosjekt i Austrheim kommune i samband med Nordhordlandspakka-Uttale

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommune prioriterer utifrå nytteprinsippet at midlar i Nordhordlandspakka går til to større prosjekt i Austrheim kommune. Dette er tiltak i to reguleringsplanar som er:

-Områderegulering Nordre Fønnesvågen del av Gnr 131, Braplanid. 2011002. Godkjent 11.02.2016.

-Detaljregulering Gang- og sykkelveg Mastrevik-Kilstraumen med friluftslivområde Ulvøy. Braplanid. 2014005. Detaljreguleringa her vert truleg godkjent i kommunestyret hausten 2016.

Grunngjevinga for vedtaket og kva tiltaka som skal prioriterast er gjeve i saksutgreiinga.

25.08.2016 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FS - 093/16 - 25.08.2016 - Vedtak:

Austrheim kommune prioriterer utifrå nytteprinsippet at midlar i Nordhordlandspakka går til to større prosjekt i Austrheim kommune. Dette er tiltak i to reguleringsplanar som er:

-Områderegulering Nordre Fønnesvågen del av Gnr 131, Braplanid. 2011002. Godkjent 11.02.2016.

-Detaljregulering Gang- og sykkelveg Mastrevik-Kilstraumen med friluftslivområde Ulvøy. Braplanid. 2014005. Detaljreguleringa her vert truleg godkjent i kommunestyret hausten 2016.

Grunngjevinga for vedtaket og kva tiltaka som skal prioriterast er gjeve i saksutgreiinga.

094/16: Godkjenning av detaljregulering Gang- og sykkelveg Mastrevik-Kilstraumen med friluftslivområde Ulvøy. Braplanid. 2014005

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommune godkjenner detaljregulering Gang- og sykkelveg Mastrevik-Kilstraumen med friluftslivområde Ulvøy med planid. 2014005. Plankart og reguleringsføresegner er datert 29.04.2016, planskildringa er datert den 03.05.2016. Grunngjevinga for vedtaket står i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova §12-12.

25.08.2016 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

FS - 094/16 - 25.08.2016 - Vedtak:

Austrheim kommune godkjenner detaljregulering Gang- og sykkelveg Mastrevik-Kilstraumen med friluftslivområde Ulvøy med planid. 2014005. Plankart og reguleringsføresegner er datert 29.04.2016, planskildringa er datert den 03.05.2016. Grunngevinga for vedtaket står i saksutgreinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova §12-12.

095/16: Namn på bruer i Austrheim

Rådmannen sitt framlegg:

1. Etter høyring og innspel på namn, set Austrheim kommunestyre fylgjande namn på bruer i kommunen.

Stad	NR	Avgjerdande instans	Framlegg til namn
Bru mellom fastlandet og Bakkøyna	1	Hordaland fylkeskommune	Bakkøybrua
Bru over Kilstraumen	2	Hordaland fylkeskommune	Kilstraumbua
Bru mellom Ulvøyna og Fosnøyna	3	Hordaland fylkeskommune	Ulvøybrua
Bru over Bukkholmstraumen	4	Hordaland fylkeskommune	Bukkholmestraumbua
Brukaret over til Lauvøyna på Sævrøyvegen	5	Hordaland fylkeskommune	Kovesundbrua
Brua mellom Lauvøyna og Sævrøyna	6	Hordaland fylkeskommune	Lauvøybrua
Brua mellom Bjørnøya og Tjeldholmen	7	Hordaland fylkeskommune	Bjørnøybrua
Brua over Sævrøysundet	8	Austrheim kommune	Sævrøybrua
Brua over til Lerøyna	9	Hordaland fylkeskommune	Lerøybrua
Brua i Synnevågen	10	Hordaland fylkeskommune	Synnevågbrua
Brua mellom Langøyna og Rotøyna	11	Austrheim kommune	Langøybrua
Brua mellom Rotøyna og Krossøyna	12	Austrheim kommune	Krossøybrua
Brua til Njøta	13	Austrheim kommune	Njøtebrua
Brua i Rongeværet	14	Privat bru. Kartverket	Kusundbrua
Brua over Fosnstraumen	15	Hordland fylkeskommune. Radøy er sakshandsamar	Fosnstraumbua

2. Rådmannen får mynde til å føra saka vidare inn mot dei ulike avgjerande instansane.

25.08.2016 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

FS - 095/16 - 25.08.2016 - Vedtak:

1. Etter høyring og innspel på namn, set Austrheim kommunestyre fylgjande namn på bruer i kommunen.

Stad	NR	Avgjerdande instans	Framlegg til namn
Bru mellom fastlandet og Bakkøyna	1	Hordaland fylkeskommune	Bakkøybrua
Bru over Kilstraumen	2	Hordaland fylkeskommune	Kilstraumbrua
Bru mellom Ulvøyna og Fosnøyna	3	Hordaland fylkeskommune	Ulvøybrua
Bru over Bukkholmstraumen	4	Hordaland fylkeskommune	Bukkholmestraumbrua
Bruket over til Lauvøyna på Sævrøyvegen	5	Hordaland fylkeskommune	Kovesundbrua
Brua mellom Lauvøyna og Sævrøyna	6	Hordaland fylkeskommune	Lauvøybrua
Brua mellom Bjørnøyna og Tjeldholmen	7	Hordaland fylkeskommune	Bjørnøybrua
Brua over Sævrøysundet	8	Austrheim kommune	Sævrøybrua
Brua over til Lerøyna	9	Hordaland fylkeskommune	Lerøybrua
Brua i Synnevågen	10	Hordaland fylkeskommune	Synnevågbrua
Brua mellom Langøyna og Rotøyna	11	Austrheim kommune	Langøybrua
Brua mellom Rotøyna og Krossøyna	12	Austrheim kommune	Krossøybrua
Brua til Njøta	13	Austrheim kommune	Njøtebrua
Brua i Rongeværet	14	Privat bru. Kartverket	Kusundbrua
Brua over Fosnstraumen	15	Hordland fylkeskommune. Radøy er sakshandsamar	Fosnstraumbrua

2. Rådmannen får mynde til å føra saka vidare inn mot dei ulike avgjerande instansane.

096/16: Budsjettoppfølging juni 2016

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim formannskap tek til vitande budsjettoppfølging juni 2016 og likviditetsrapport.

25.08.2016 FORMANNSKAPET

Økonomisjef Olav Andersen orienterte om Radøy si månedlege statusrapportering.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FS - 096/16 - 25.08.2016 - Vedtak:

Austrheim formannskap tek til vitande budsjettoppfølging juni 2016 og likviditetsrapport.

097/16: Selskapsavtale for IKA Hordaland - Endringar

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommunestyre godkjenner selskapsavtale for IKA Hordaland IKS, gjeldande frå 01.01.2017.

25.08.2016 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

FS - 097/16 - 25.08.2016 - Vedtak:

Austrheim kommunestyre godkjenner selskapsavtale for IKA Hordaland IKS, gjeldande frå 01.01.2017.

098/16: Kulturpris 2016 Ikkje offentleg

Rådmannen sitt framlegg:

Klikk her for å skrive inn tekst.

25.08.2016 FORMANNSKAPET

Fellesframlegg:

FS - 098/16 - 25.08.2016 - Vedtak:

099/16: Dispensasjon frå rekkefølgjekrav - Toftegård, "søre neset"

Rådmannen sitt framlegg:

Formannskapet i Austrheim gjev mellombels dispensasjon som omsøkt, fram til 01.05.2017, frå krav om opparbeiding av busslommer og tilhøyrande fortau på følgjande vilkår:

- Dersom busslommer, veganlegg og fortau er sikra opparbeid i tråd med detaljregulering for gang og sykkelveg Mastrevik – Kilstraumen, gjennom avtale med Statens Vegvesen og Austrheim Kommune, kan det gjevas igangsetjingsløyve for inntil 2 bustader. Dersom slik avtale ikkje føreligg vert det ikkje gjeve nye igangsetjingsløyve i feltet før rekkefølgjekrava er oppfylt.

Grunngjeving er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2 jf. §§ 19-3 og 12-4.

Vedtaket vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for klagevurdering.

25.08.2016 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FS - 099/16 - 25.08.2016 - Vedtak:

Formannskapet i Austrheim gjev mellombels dispensasjon som omsøkt, fram til 01.05.2017, frå krav om opparbeiding av busslommer og tilhøyrande fortau på følgjande vilkår:

- Dersom busslommer, veganlegg og fortau er sikra opparbeid i tråd med detaljregulering for gang og sykkelveg Mastrevik – Kilstraumen, gjennom avtale med Statens Vegvesen og Austrheim Kommune, kan det gjevas igangsetjingsløyve for inntil 2 bustader. Dersom slik avtale ikkje føreligg vert det ikkje gjeve nye igangsetjingsløyve i feltet før rekkefølgjekrava er oppfylt.

Grunngjeving er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2 jf. §§ 19-3 og 12-4.

Vedtaket vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for klagevurdering.
